

Lindås kommune

5914 Isdalstø

Merknad til Plansak Detaljplan Lindås brygge - planID 1263-201905

Lindås Bygdelag er kjent med at Consensus Holding As har sett i gang arbeid med å omregulere noverande næringsområde Lindås Brygge, til bustadområde.

Lindås Bygdelag er svært uroa over desse tankane og vil difor arbeide mot ei slik omregulering.

Grunnen for oss som bur her er opplagt.

- Lindås Brygge er hovedknutepunktet og, - for dei aller fleste på Lindås, den einaste tilkomsten til sjøområda i Lindåsosane, slusene og Lurefjorden.
- Lindås Brygge er attraktiv for båtfolk og reiseliv langs den indre farleia.
- Lindås Brygge er ein hyggjeleg, trivselsskapande møteplass for oss som bur her.

Med omregulering til bustadområde misser vi alt dette.

Bygdelaget har ikkje kjennskap til den økonomiske situasjonen som vi forstår er medverkande årsak til søknaden, men vi meiner det vil vere heilt feil dersom ein noverande økonomisk situasjon skal øydeleggje dei famtidige utviklingsmulighetene som vi ser at Lindås Brygge har for oss bur her.

Vi ønskjer å bli informert om saka går vidare.

Mvh

Lindås Bygdelag

Gurid Helene Espe